

Elevråd 1.-10.klasse, Skei skule
Lærargruppe, Skei skule
SMU, Skei skule

Deres ref.:
Rektor Annette Dale Natås

Vår ref.:
2019204/03-jas

Florø
08.01.2020

Førespurnad om innspel til utforming og aktivitetar på skulens uteområde for 1. – 10. klasse.

iVest Consult as er engasjert av kommunen til å lage utehusplan for ute-områda ved Skei skule, 1.-10. klasse. Det er under bygging ein fotballhall ved skulen, og som inneber at uteområder som skulen tidlegare har brukt, no ikkje lenger kan nyttast.

Vi håpar at de som elevar, lærarar og foreldre til elevar ved Skei skule, vil vere med å kome med innspel og ønskjer for aktivitetar og leik på Dykkar skuleplass. Nokre aktivitetar treng gjerne små eller større apparat (t.d disse, ballkorg), medan andre aktivitetar treng meir plass/areal (t.d. akebakke, løpebane). I denne fasen ønskjer vi at De tenker på kva type aktivitet som er kjekt å drive med på skulen og i friminutta – og at De kjem fram med alle type ønskjer.

Vi har laga eit kart over skuleplassen dykkar, og med ei inndeling i soner/delområde. Vi har teikna inn dei aktivitetane/apparata som vi har sett er etablerte (anten ferdig etablerte eller starta opp). Vi vil gjerne at De på kartet markerer kvar De ønskjer ulike type aktivitetar, både for 1.-5. klasse, 6.-7. klasse og for 8.-10. klasse. Dette kan De gjerne gjere slik:

- Lag ei liste på eige ark, over kva aktivitetar/leik/apparat De ønskjer på skuleplassen Dykkar, og sett ein bokstav forran desse. Begynn på A, neste blir B, deretter C osv.
- Vis på kartet kvar du ønskjer denne aktivitetten. Dette gjer du ved å sette bokstaven for denne aktivitetten (A, B, C, osv) på kartet, der du ønskjer at det vert tilrettelagt for denne aktivitetten. Det er lov å foresla å flytte på eller ta ut eksisterande aktivitetar.
- Nokre av aktivitetane er gjerne viktigare eller meir ønskte enn andre, og du kan då prioritere aktivitetane ved å sette tal bak aktivitetten – spesielt dei du synest er mest viktig. Du kan då bruke desse tala: 1=mest viktig, 2= nest mest viktig, 3= litt viktig og 4 = minst viktig.

Vi håpar de har høve til å lage ei «ønskje-liste» til oss, som vi kan bruke vidare når vi skal lage vårt forslag til utomhusplan for din skule. Vi kan sjølv sagt ikkje love at alle ønskjer kjem med, men vi kan love at alle ønskjer blir nøyne vurderte.

Vi ber om at De sender Dykkar liste over ønskja aktivitetar til oss snarast råd, og **seinast innan mandag 27. januar 2020**. Dette kan sendast på epost til jas@ivestconsult.no.

Spørsmål kan rettast til underteikna, anten på tlf. 966 27 987 eller på epost jas@ivestconsult.no.

Med vennleg helsing
for iVest Consult as



Janicke Svendal
Avdelingsleiar Plan, infrastruktur, vasskraft og vassdragsteknikk
Mobil: +47 966 27 987
E-post: jas@ivestconsult.no
<http://www.ivestconsult.no>

Vedlegg:

1. Kart over uteareal ved skulen, og etablerte aktivitetar pr. desember 2019 (målestokkrett i A0-format).